

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 6

Arna Juli 1968

1. årgang

Kyrkja

*Her hev gamle kyrkja stende
gjenom mange hundrad år.
Hit dei sökte, karar, kvende,
ofte opp mot gråe hår.
Her dei møtte Herrens ord,
fann seg plass ved Herrens bord.
Ånd og andlagt fyllte sinnet,
her var godt å vera inne.*

*Kyrkja stod som samlingsmerke
millom folket i si bygd.
Sjølv om stormane var sterke, —
traust ho stod til vern og trygd.
Tok mot små frå dåpen av,
konfirmerte, vigsla gav.
Når dei ut til slutt vart borne
fylgde klokkeljod frå tårnet.*

*Framleis lyder klokkekallet,
samlar, Ordet, orgelbrus:
Ver velkomne! Høyrdet alle,
her er rom i Herrens hus.
Kyrkja stend med op i dør.
Ho vil framleis no som før
gjennom ord og gjerning vera
folkekyrkja til Guds æra.*

Knut Ytre Arne.

Stortingsmann Knut Ytre Arne døydde i vår. Noko med det siste åndsarbeid han let etter seg er diktet som stend ovanfor.

Stortingsmann Ytre Arne var ein sermerkt trufast kyrkja sin son. Gjennom alle år han var tingmann kom han heim laurdags kveld, gjekk til gudstenesta sundag morgen, og henta soleis Guds signing og rettleiding for sitt liv og si gjerning før

han drog attende.

Etter eit langt liv som trufast gjest i Herrens hus gjev han dette fagre vitnemålet. Gjev det må vera mange ei maning til etterfylgjing. Med sitt liv var han sjølv eit fyredøme.

Ogso vår kyrkjelyd signar minnet til stortingsmann Knut Ytre Arne.

H.

Sanningi om Jesus Kristus

Når han kjem, Sanningsanden, skal han overtyda verdi om synd og om rettferd og om dom. Johs. 16,8

Du kan gjere mange synder. Men ingi synd er større enn den å ikkje tru på Jesus Kristus.

Du kan vera urettferdig mot mange og på mange måtar. Men ingi urettferd er større enn å hevda at Jesus Kristus ikkje er Gud, komen frå himmelen, og vendt attende til himmelen.

Kvifor?

Fordi ingi synd er større enn den at me skulle lata som ingen ting var hendt, all den tid Gud hev gjeve seg sjølv for oss. Heller ikkje er noko synd større mot oss sjølv heller. Me gjer ikkje oss sjølv større teneste for tid og æva enn å taka imot Jesus Kristus for tid og æva. Ingri synd er heller større mot andre menneske. For den som lever i vantru kan ikkje bringa den største gleda vidare til andre og heller ikkje vera eit reidskap for Jesus kraft til andre.

Kvifor? Fordi ingi urettferd er større enn den å halda Guds eigen Son for å vera lygnar. At han stod oppatt or gravi og etter for til Himmelten er eit prov på hans rettferd. Difor er det og rettferdig at du bøygjer deg for han som no eig all makt i himmel og på jord. Det er einaste vilkår for at du sjølv ein dag skal få stå urettferdig for Gud. Og framfor han lyt me alle møta.

Ingri dom kan vera verre enn å verta kjend skuldig i å ha aliert seg med den vonde og hans krefter, når dei einaste gode gil vera leidaren vår. Ingen dom over vår feilvurdering vil vera tyngre å få høyra enn den at me gav oss dei undergangskrefter i vald, som er dømde til undergang, — medan me kunne ha fått vore saman med Livsfornyaren på veg mot det sanne liv.

Dette er sanningi.
Kan det provast?

Ja, det er oppgåva for han som heiter Målsmannen, Tolkaren, Advokaten, — Guds eigen advokat. Den Heilage Ande vil sjølv taka denne saki opp med deg, og overtyda deg.

Lat han få tala til deg. Tak fram Bibelen din. Les du, då talar han.

Går du dit Guds ord vert forkynnt? Høyrer du, talar han.

Det gjeld ei urettferdssak for Jesus Kristus. Og det gjeld ei evig velferdssak for deg.

Aasmund Dale.

Vitskapsmannen om Gud

Ein vitskapmann frå eit land der skrift og tale om kristne spørsmål er strengt sensurert budde ei tid i Finland. Han vart m.a. spurt om sine tankar om Gud. Av omsyn til färlege fylgjer ville han vera strengt anonym. Det svenske bladet Reflex gjev att nokre av utsegnene hans. Han seier m.a.

Eg kan ikkje finna at mi stilling som vitskapmann er til hinder for ei livande tru på Gud. Tvertom tykkjer eg at utviklingi innan atomfysikken og elektrofysikken o.s.v. faktisk kan takast som eit forsvar for kristen tru. Når ein talar om undergjerningane i det Nye Testamente so kan vitskapen ikkje forklara dei, — men ein vitskapmann ser under kvar einaste dag. Me kjem ikkje lenger enn å sanna at under eksisterar, endå me ikkje skynar dei. Og kvifor skulle me ikkje tru at Kristus var suveren herre andsynes naturi og menneskelivet?

Kven var tåpeleg,

naturvitenskapsmannen eller fritenkjaren?

Under sine studier av Bibelen kom den store engelske naturgranskaren og vitskapsmann Isak Newton til den meining at samferdsla ville auka utruleg mykje i endetidi. «Sjølv kan eg ikkje anna enn tru på desse teikni for endetidi. Det vil verta oppfunne nye kommunikasjonsmidlar, som vil gjera det rådleg å koma fram snøggare enn no,» skriv han. Han meinte at i dei siste dagar ville det vera råd for folk å koma med den utrulege fart på 30-40 km i timen.

Den franske fritenkjaren Voltaire fekk høyra om dette og sa si meining på denne måte: Newton er visseleg ein lerd og klok mann. Men lesing i Bibelen har gjort han tåpeleg. Hev de hørt kva denne mannen som oppdaga gravitasjonsteorien hev sagt? På sine gamle dagar las han ei bok som kallas Bibelen. Der fann han at menneski skal kunna koma fram mykje fortare enn no. Her skriv ein vitskapsmann som Newton at menneske skal kunna reisa med ein fart av 30-40 km. i timen. Han hev gløymt at dersom ein skal koma fram med 30 km. fart vil ein verta kvalt. Hjarta vil slå klick.»

Idag kan me avgjera kven som var den tåpelege, fritenkjaren Voltaire eller Newton, som studerte Bibelen sine profetier om endetidi.

Kvifor tok de vår Gud frå oss?

Hjartesukk frå ei ung svensk jente.

De eldre klagar over vår idoldyrking. De tykkjer det er uhyggeleg og trøysteslaust. De kan ikkje skyna kvifor me jenter gret og ropar når me ser The Beatles. Ja, me skynar dykk eit stykke på veg, for me vil ikkje dette inst inne. Me kan heller ikkje klårgjera kvifor me ber oss so åt.

MEN, de eldre hev ikkje gjeve oss noko anna. De hev gjort det de kunne for å taka frå oss den Gud me hadde då me var barn. De skjær ned kristendomstimane, de skaf far vekk morgenandaktene, de lagar dei ureine filmane og dei råe avisartiklane, — de gjeng ikkje til Guds hus, og lærde også oss å halda oss borte. — Og det er de DE som skal vera våre fyredøme!

Me skulle veksa opp til heilstøypte, harmoniske menneske! — Men kan me det i den verdi som de hev skapt? Me vil ikkje klaga på samfunnet, men på dei som hev skapt dette samfunnet. Det er DE som ber skuldi for at me er som me er. Kvifor kan de ikkje sjå at de oppseda oss på feil måte?

Me vil ikkje at vårt liv skal vera so tomt. Me vil ikkje vald, lygn og svineri. Me vil gjerne leva eit reint og meiningsfyllt liv. Men me kan ikkje. For me hev ingen grunn å byggja på. DE hev øydelagt den for oss.

Kvifor hev de teke bort frå oss våre ideal og normer?

Kvifor må me tilbe langhåra, unge tåpelege menn, som ikkje kan gjeva oss noko?

Kvifor hev de teke frå oss Gud me lærde om i sundagsskulen?

*I hus og heim der mann og viv
bur saman i eit gudleg liv
med born i tukt og æra,
der lyser lukka mang ein dag,
og Jesus der med deim ilag
vil med sin hugnad vera.*

*Vår bøn idag til deg me ber:
å, Herre Jesus kom og ver
hjå ektemann og kvinne!
Og hjelp i verdi fram dei små,
og signa heimen, so dei må
din fred derinne finna.*

Landstad.

«Pappa, kan eg få koma inn no?»

Frå Blåkorsbladet hentar me fylgjande:
 Ei natt kom eg kjøyrande gjennom blokkvarteret i ein av drabantbyane våre. Klokka var nærmere halv eitt. Då fanga billjøset inn ein liten tass på fortauet. Han kunne vel ikkje vera meir enn fem år. — Eg stansa, gjekk bort til han og spurde: «Men, guten min, kva gjer du ute so seint om natti? Finn du ikkje vegen heim?» — Han såg på meg, Tårer hadde laga striper nedover kinni hans. Han skalv av frost og uhyggja. So peika han mot blokki. Der lyste det i nokre vindauge. «Eg bur der. Men far og mor hev gjester, og so må eg vera ute til dei er farne.»

Me gjekk opp. Ringde på. Om ei stund stod me millom menneske med sløve augo, medan flasker og glas dekte bordet. Og ein femårs gut, forfrosen og søvnig etter timer på fortauet, etter å ha sett opp mot ein heim som ikkje hadde plass for han spurde redd: «Pappa, kan eg få koma inn no?»

Eit ord kan vera som ei bomba. Det vart stillt som etter eit lynnedsdag. Festen var torpedert. Men ein heim vakna den natti, medan livet heldt oppgjerd med ein far og ei mor.

Min heim!

Her slo eg augo mine opp for fyrste gong og såg inn i to par augo. Her bora eg andlitt mitt inn til mors bringa, og millom dei kvite armane hennar sovna eg inn. Her reid eg på fars kne. Her tok eg dei fyrste ustøde stig. Her lo eg av gleda. Her gret eg meg til fred under milde klapp frå hennar hand.

Her gjekk eg til duka bord. Her fekk eg tid, trøyst og tillit. Sidan lærde eg at mor sine kvite hår og dei trælete hender til far var prisen for min tryggleik.

Dei gav meg alt av hugnad, for hjarta deira banka for meg.

Kva gjev Du barnet ditt? Eig det den hugnad i heimen sin at det ikkje må søkja si trøyst ute, der vonde makter dreg det ned i skarnet?

Den far og mor som skaper hugnad om barnet sitt skal vera spard for hjarteverk som skapest når barnet finn det gildare å vera utanfor deira rekkjevidd.

Ein dag skal det lyda frå Guds munn: Eg gav deg eit barn til låns, — ei usegjeleg stor gåva. Korleis stellte du den?

Ei bøn i tillit og tru

Ein gong medan misjonær Børresen var på vitjing heime i Danmark, skulle han ha eit møte ute på vestkysten av Jylland. Møtet skulle haldast i løa hjå ein bonde, men løa vart altfor liten. Så måtte heile folkeskaren leira seg utanfor på tunet, og Børresen fekk ei vogn til talarstol.

Dette hende ein uroleg dag om hausten, og det dreiv med regnbyer heile tida.

Då Børresen kom opp, tok han av seg hatten og bøygde seg i bøn: «Kjære far,» sa han, «du ser me er mange samla her. Og det er om deg og di rikssak. No bed me deg om at du vil gje oss opphaldsver så lenge me er samla her. Ja, kjære far, gje oss godt ver, og lat ikkje regnet skipla møtet for oss.»

Det stod to prestar i møtelyden. Den eine sa: «Han talar vågsamt!» Presten tenkte vel som så: Sett no at det likevel kjem ei byge. Og han la til: Såleis torde ikkje eg be til Gud.

Den andre svara: «Nei, kanskje ikkje eg heller, men misjonären kjenner han betre.»

Slik var Børresen. Så nær levde han Gud.

Kva er i vegen for at eg og du kan koma like nær Gud? Ja, kva er i vegen?

Gerh. Haaland.

«DE SKAL FÅ KRAFT.»

Det er gildt å stå i hagen og i dalen i dag og sjå korleis det veks. For eit par månader sidan ikkje eit grønt strå, ikkje eit blad på busker og tre og ikkje ein blom. Alt turt og svart. Men sjå no. Har du sett underet i naturi i dag? Kva er det som har hendt? Gud har gjeve ny kraft. So vaknasovande røter og frø og nakne greiner. Krafti tok til å strøyma, vidunderleg veldig kraft. So grønka det, so sprang knoppane ut med blad og blom. Og no er også frukti kome til synne på berbusker og tre. Har du sett underett, det nye underett? Blix såg det og undre seg: «Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord. Og etter som et under nytt liv av daude gror.»

Men korleis er det i menneskehagen i dag, i Gud sin hage der? Det er lite kraft i den hagen i dag, der er mange turre, livlause greiner. Dr er liv hjå mange kristne enno, men dei blømer so lite og ber so lite frukt.

«Men Andens frukt er kjærleik, glede, langmod, mildskap, godleik, truskap, spaklynde, fråhald». Gal. 5.22.

«Men Andens frukt.» Ikkje di frukt og ikkje mi frukt, men Andens frukt.

«Men når den Heilage And kjem over dykk, får de kraft». Det er Jesus sine ord i Ap. gj. (1,8)

Kva er som vantar oss kristne i dag? Me har ikkje gjeve Den Heilage And rom i vårt indre.

Lat oss no ta ei stille stund og sjå på denne kraft Gud talar om og som han har lova oss alle. Og lat oss be om at Guds And må fylla oss på nytt.

«Sannings-Anden han bur hjå dykk og skal vera inni dykk». Johs. 14,17. Eg minnest fyrste gongen eg las desse ordi som ung kristen. Eg tenkte: Det er umogeleg at Gud Heilage And kan vera inni meg:

Det er so ureint og stygt der inne. Den tanken gjorde meg sorgfull, og den tanken låste att hjaredøri for Guds And. Då vart Guds And sorgull, Han fekk ikkje koma inn på sjukestova mi. Men so fekk eg lese noko av Rosenius som låste døri oppatt: «Guds And er i hjarta hjå dei truande som overlækjaren på eit sjukehus». Då vart eg glad. Og eg måtte takka Den Heilage And for han ville koma inn og vera på sjukhuset mitt og lækja det som var sjukt.

Når Guds and kjem inn i hjarta vårt, får me sjå vår synd. Er du sorgfull over dine synder, so takk Gud for di syndesorg. Det er Guds And som då bur i hjarta ditt som overlækjaren på sjukehuset. Men når Guds And har overtyda oss om vår synd, so syner Han oss Jesus og storverket hans på Golgata. Les. Johs. 16, 8-14. Då vitnar Guds And med vår ånd at me er Guds born. Rom. 8,16. Det er gjenom din opne Bibel, gjenom Gud sitt ord at Guds And vitnar med vår ånd at me er Guds born.

A, for eit storarbeid Guds And har med oss for å gjeva oss kraft, i lekam og sjel.

Stanley Jones har ei bøn som me alle må beda: «Kjære Heilage And, eg har eit treetasjes hus, lekam sjel og ånd, kom og installer kraft og ljós i kvart rom og set ljós i alle vindauge. I Jesus namn. Amen.»

Då vil også livet vårt bløma og bera frukt.

Napoleon om Jesus Kristus

«Eg leitar fäfengt i soga for å finna mannen til Jesus Kristus. Eg leitar fäfengt etter noko som kan samanliknast med evangeliet. —

Korkje saga eller menneskeverdi eller tidsaldrane eller naturi byd meg noko som eg kan samanlikna evangeliet med. Det er usedvanleg, det er noko eineståande.»

Der er kraft i evangeliet

Den heimskjende naturgranskare Charles Darwin kom på ei av granskingsferdene sine til Eldlandet (Tierra del Fuego). Han granska og dei menneske som budde der, og fann at dei likna meir på villskyr enn på menneske. Han noterte at dei var heilt vonlause.

Fleire år seinare kom han etter til landet på ei ny granskingsferd. I millomtidi hadde misjonærar kome med evangeliet til desse vonlause skapningane. Då Darwin såg kor omsnudde dei kristne var kunne han knapt tru det han sjølv såg. I skriften sitt «Journal of researches» skriv han, at han med største interesse hadde samanlikna ei kristen og ein heidning, ved å stilla dei fram saman. Og han skriv: «Dette var utan undantak det mest merkeleg og mest interessante syn eg noko tid hev sett. Det var uråd for meg å tru at det kunne vera slik umåteleg skilnad på deim. Det verk misjonen hev utført er reint strålende, og eg som heldt desse arme menneske for heilt vonlause er overvunnen. Eg kunne ikkje tru at alle misjonærar i verdi kunne makta å gjera ein eldlending ærleg. — Framgangen som grunnar seg på at evangeliet er forkrynt for dette folket er noko eineståande i soga».

Etter denne tid vart Darwin fast gjevar til heidningmisjonen.

Evangeliet er sannleeg ei kraft til frelse.

Benjamin Franklin om Bibelen

Den store amerikanske statsmann og oppfinner Benjamin Franklin seier: Ein velbrukt Bibel og ei god avis i kvar heim, og ein god skule i kvar krins er viktigaste grunnen til høg moral, dugleik og borgarleg fridom.

Forandring med Peter

Det var ein heilt annan Peter som står der og heldt pinsepreik for tusenvis, enn han som kraup saman i øvsteprestens gard skirtorsdag. Då våga han ikkje eingong å vedkjenne sin herre for ei liti tenestjenta. No vitnar han klårt om Frelsaren sin for alle hans fiendar, at denne Herre er oppstaden og himmelfaren.

Det hadde hendt noko med Peter. Gud hadde sendt sin Heilage Ande til han og venene hans. Med eit brus, og med tungor av eld —som eit veldigt ver, kom Anden og løyste tunga deira, so at dei ropa frå taki det som Jesus hadde kviskra til deim i einerom. Han hadde sagt at han ville be sin Far å gjeva dei ein annan målsmann. Han hadde halde sin lovnad. Anden var komen. No var Simon for ålvor vorte Peter mannen med det vedkjenningsberg, som Jesus ville byggja si kyrkja på.

Heldt det? — Vart han den same andre pinsedagen og i åri sidan? Eller var det berre noko som for over hovudet på deim, — noko som varma deim ein liten augneblink, og elles let dei vera som dei hadde vore?

Nei, det heldt. — Ikkje pinseveret. Det står aldri lenge på. Og eldtungor såg ein berre denne eine dagen, og susingi lydde ikkje meir.

Men det den Heilage Ande let etter seg i hjarto, det heldt. Og det vart som Jesus hadde sagt: Eg skal gjeva dykk ein annan målsmann som skal vera hjå dykk i all æva.

Ei varande gāva, ein herlegdom i dagleglivet, — det var det han hadde lova. Denne Ande gjer enn idag, som på fyrste pinsedagen det største under.

Olfert Richard.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I INDRE ARNA

- 26.5. Kjersti, foreldre: Leiv Nordanger og Karin f. Birkeland.
- 1.6. Eirik, for: Helge Litangen og Kari f. Aaland.
- 2.6. Mona, for: Kjell Johansen og Liv Ragnhild f. Toft.
- 2.6. Irene, for: Frits Haugland og Anny Irene f. Berge.
- 2.6. Tore, for: Finn Reidar Solberg og Vigdis Elin f. Rånes.
- 5.6. Anne Birte, for: Sigbjørn Bertin Haugland og Inger Lise f. Dahl.
- 9.6. Jon Harry, for: Asbjørn Olai Arnesen og Berit f. Ludvigsen.
- 9.6. Torunn, for: Bjarne Johannes Hammer og Klara Elna f. Vasset.
- 12.6. Anita, for: Bård Oldervoll og Sidsel Rødland.
- 15.6. Tor, for: Erling Hermansen og Marit Inger f. Hofland.
- 15.6. Irene, for: Olav Johny Christopher sen og Grethe f. Rosendal.
- 15.6. Karin, for: Johannes Tveit og Ingebjørg f. Garnes.
- 30.6. Solveig, for: Nils Tveranger Frønningen og Torill f. Sivertsen.
- 30.6. Ole Martin, for: Martin Veseth og Else Lillian f. Laupsa.

VIGDE:

- 1.6. Johannes Nordtveit og Eli Lovise Unneland.
- 1.6. Ottar Kallestad og Gunda Ingebjørg Koppen.
- 1.6. Jens Skjellanger og Oddfrid Ingeborg Engedal.
- 8.6. Arne Ludvig Paul Åsvang og Hedvig Kirsten Hansen.
- 8.6. Inge Bjørn Løvskar og Jorunn Stokke.
- 8.6. Terje Audun Høysæter og Grete Bergette Lamo.
- 15.6. Bjarne Villanger og Ragnhild Torsvik.
- 22.6. Aril Mjelde og Liv Sissel Molander.
- 14.5. snikkar Nils Legreid f. 1894.
- 30.5. gbr.kone Astrid Ingvarda Espeland f. 1892.
- 5.6. pensjonist kone Klara Andrea Rygg f. 1899.
- 15.6. tekstilarb. h.v. Gjertrud Garnes f. 1892.
- 23.5. Vidar, for: tekn.elev Steinar Helgås og Marit f. Rolland.
- 23.5. Øyvind, for: elektr. Nils Halland og Borghild f. Hornes.
- 23.5. Tore Andreas, for: mylnearb. Per Olaf Pedersen og Anny f. Andersen (i Asane.)
- 23.5. Linda, for: anl.arb. Erling Lilletvedt og Eva f. Haugland.
- 12.5. Gro Anita, for: Henning Emil Solheim og Liv Kristine f. Dale (i Fyllingsdalen).
- 23.5. Walter Otto, for: Arthur Hovland og Herborg f. Traa. (Døypt i I. Arna).
- 26.5. Kåre, for: tekstilarb. Hans Bratli og Liv f. Sætre.
- 3.6. Ingelin, for: Malvin Eide og Marit f. Sylta (døypt i Hordabø).
- 3.6. Lars, for: lærar Karl Boge og Olaug f. Storegjerde. (Døypt i Vaksdal.)
- 9.6. Gudtorm, for: platearb. Harald Vik og Vigdis f. Pedersen.
- 16.6. Frode Jarle, for: revisor Jan Per Mjelde og Sølvi f. Blomdal
- 16.6. Karl, for: tekkn. Laszlo Banki og Irene Fransiska f. Schelderup.

- 16.6. Audhild, for: kontrollassist. Karl Andreas Hannisdal og Edel f. Røskeland.
 16.6. Ane Monica, for: sjåfør Sverre Birkeland og Gullborg f. Grøttå.

VIGDE I YTRE ARNA:

- 25.5. mekanikar Frank Lie Hansen og lagerarb. Aud Karin Sjursen.
 31.5. trygdesjef Johannes Holmefjord og husmor Malfried Alice Valen f. Nilsen
 15.6. fabr.arb. Arnold Johs. Falkanger og hmv. Liv Pettersen.

AVLIDNE I YTRE ARNA:

- 15.6. tidl. bakar Einar Reigstad f. 1882.
 18.6. husmor Jenny Ekanger f. 1904.

**Det beste kjennemerke
på at me lever med Gud**

Det heilage livet hjå ein kristen vart fødd den dagen då Den Heilage And fekk gjera ordet om Jesus levande for den vakte, og dette livet må dagleg ha næring. Og maten er ordet om Jesus.

«Den som har Sonen, har livet, den som ikkje har Guds son, han har ikkje livet». 1. Johs. 5.12.

Det sikraste kjennemerke på om du har dette livet og er ein sann kristen, er at Jesus er di kraft og di gleda. Den kjende svenske sjælesyrgjaren, Rosenius han seier: «Sjå på dei ekte nådeborn. Eg kjenner dei aller best på at ordet om Jesu blod er livstrøngen og kvila deira. Dei kan trøytna av og veikna i livsstinden, men får dei sitja ei stund og høyra ei evangelisk preik, om nåden i Kristus, so vert ljoset kveikt i augo deira, hjarta har fått ny trøyst og ny styrkje». So langt Rosenius. Luther seier: «Du kan kjenna om Guds And bur i deg og vir-

HUGS BLADPENGANE

kar i deg dersom du i din angst og di naud over di synd, får trøyst av evangeliet og du på den måten får vinna over dine tvil og redsla di, so hjarta kan kvila i Gud på nytt, og du kan på nytt kalla på Han som Far og venta di hjelp frå han i alt. Det er det indre vitnemålet. På dette kan du kjenna om Guds And virkar i deg. Dersom du gjerne vil høyra ordet om Jesus, og andre ord frå Gud, gjerne tala om Guds ord, tenkja på Guds ord og skriva om Kristus, so skal du veta at det kan ikkje me finna på av oss sjølve, det er Den Heilage And si gāva. Men dersom ein skyr og hatar Guds ord, so kan ein vera sikker på at djevelen bur i det hjarta». Dette var Luther sine ord.

Preikeliste for Arna prestegjeld

Sundag 25. august:

Ytre Arna: sokneprest Tesdal

Sundag 1. september:

Arna: sokneprest Tesdal

Ytre Arna: res. kap. Hope

Sundag 8. september:

Arna: res. kap. Hope.

Ytre Arna: sokneprest Tesdal.

Sundag 15. september:

Arna: sokneprest Tesdal.

Ytre Arna: res. kap. Hope.

8.8.5. misj.

Bladstyrar er Res.kap. Harald Hope, Ytre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Blandpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund.